Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sirdal

Emne: Bordskikk åt kvardag

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka

Gard:

(adresse): Brattveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ein sat ved langbordet. Var det graut, sat alltid ein og skrapa grytö — og då for seg gjölo. Heile huslyden elles
2) sat ved same bordet

3) Nå er det vanleg her å ete på kjökenet. Etter ein fekk kjöken d.v.s frå 1870-80-åra. Før var det Stova det rommet som nå
3) er vorte kjöken.

4) Husbondsfolk og tenarar sat ved same bordet. — Før sat husetane ved eige bord. Og følgjefolket og tenarane — som på Tryggedal i 1890-1900-åra.

7) Alle hadde sine visse bordplasser. Husbonden ved högabordet. (Högsætet). Men i utløna-her er det presten som sit ved högabordet. Slik har det alltid vore i Sirdal

4907

8). Borna stod stundom. Det var noh ein gammal skikk. Fjå Barbro-bla i Ulladalen stod alltid borna. Han var lensmann. Og stooa var så lita, og borna så mange, at dei måtte vente på bort, og då stå ute! (Kring 1900).

9) Ein talar inna om lögabordet. Nemninga lögsalet han ikje vore bruka lek.

10) Ikkje noko visst såleis.

11) Ja, det var vanleg å turka av hendene – ein skauk av dei på bukselåret. Eller på bleddo (forkledet)

12) Eg har sett gamalt folk (kring 1920) sitje med huva eller hatten på.

12). Ein åt alle av same grautfatet. Og dyppa alle skeid i same mjølkeskåla. Kring 1900 tok ein til med skikken at kvar fekk sin eigen mjølkekopp, helst ei steintøyskål. Ja, ein tok ein grautbite i skeid og dyppa ho så i mjølkeskåla. Det gjer ein no og – i sin eigen mjølkekopp altså nå

4907

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kaffidrikkinga vart
vanleg i Suldal i 1880-åra.
Men det i 1820-åra høyrer
me gjete kaffi hjå
presten Hjorth og klokkaren
Jacob Steene og madam
Finnis (enkja etter kapellan
Finnis. Til Øvre Suldal
kom kaffien i 1860-åra.
Men berre i vetlen, det første
— i salabad.

14) Ein sette ofte gryta
på bordet. Men aldri
graulegryta. Den skulle
stå i gruva. Eller ved gruva.
Og berre ein fekk ete av
den „skrapa-gryta", ein sa.

15 Ein gjorde seg alltid
bete", ein sa. La smøret
mellom flatbrødstykka.
Det gjaldt fisk, kjøt og
flesk. Og mange gjer
det ennå.

De må gjera dokker
betar, bodn", sa Lars
Lunde † i 1916. Dei gjelo
e'kje noko te bra-av
— grøtane altså.

15) Det er mange som
gjer det.

16). Dei gamle drakk alltid
kaffien av fate", dei sa.
Og det høyrde med til
god skikk å stå skjenkje
i så mykje kaffi at
ikkje berre koppen vart
full, men og skåla

4907
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17)
Det er ein gaffel, med 2 tindar på etter presten Christen Brun, prest i Suldal 1789–1806 (avsett då). Men det vart ikkje vanleg med gaffel før kring 1900.

18) Karane brukte oftast tolekniven. Og kvinne og born brukte mykje jongar, dei kalla. Det var småknivar arbeidde av avbrotne eller utslitne ljåar. Dei arbeidde ein odd og sette treskaft på.

19). Ein hadde kvar si skei. Det var oftast hornskei. Og det er dei som brukar hornskei ennå. Den siste skeie-makaren i Suldal, Erik Bjørkenes døydde i 1946, 98 år gammal. Og han arbeidde i hundretal med hornskeier, helst av kuhorn.

I vellinge brukte ein helst treskeier. På flest alle gardar hadde ein ståande eit ilåt med treskeier til bruk i vellinge. Men presten og lensmannen — dei store, dei var fekk jamnast ete med sølvskei.

4907
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Steintøy kom i bruk i 1870-åra. Men vart vanlegt fyrst i 1890-åra. Då tok ein og til å kjøpa seg fat og skåler av grovt steintøy, som ein fekk frå pottemakarane på Sandnes.

21) Dei gamle brukte aldri borddúk til kvardags. Berre i veitslene. Og då lindúk. Det er lindúkar her som er 1–200 år gamle. Dei dyrka lin her før.

Nå har ein voksdúk, som ligg på bordet jamt. Men når det kjem framande, har ein finare dúk.

23) Husmora etla ut smøret. Den tølla legge skje 2 sidor på same fatè) (gamle kvinne). Fo etla ut smøret, sjeldan brødet til born og tenestfolket. Aldri til husbonden.

26) 8–10 år. Far og mor, eller eldre syskin, hjelpte dei små med maten. Smøre på, som dei seier når det gjeld brødmaten, kaka.

27). Ein tøgg jamt maten til småborn.

4907

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei åt lugga".

"28). Borna les høgt for maten. Vanleg les. Dei vaksne les med seg sjølv", stilt bøn.

30. Ein måtte ikkje leika med bordet. Og song ein ved bordet var det heilt gale. "Då ~~fekk~~ kom ein til å få ein sinte mann, eller ei sinte kjerring". Sa ein."

32. Ingen måtte gå frå bordet, før alle hadde ete.

34). Kom ein framand inn med ein sat åt, sa han "Signe maten!" — Feid fekk ja-å-gå frå bordet når framandkaren (-kvinna) kom, var han feig. Men kom han inn straks dei hadde ete ut med måltidet, tydde det eit langt liv for framandkaren (-kvinna). — Denne hadde den visa at dei alltid baud til bords når det kom framande.

38). Det er vanleg gå bey på kaffi nå ein kaffidrogje".

41) Det var det gamle at mannen eller kona var tilstades i stova når ein framand sat til bords åleine. — Det er ikkje hadden for god skikk å be ein framand til bords på kjøkenet. Ofte bad dei han ut i buo (beste stova)

4907
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING